



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato  
08.02.2018  
Dykkar dato  
08.12.0017

Vår referanse  
2017/15275 421.3  
Dykkar referanse  
17/1542

Bømlo kommune  
Leirdalen 1  
5430 BREMNES

### **Uttale til planprogram for kommuneplan Bømlo 2018 - 2048**

Vi viser til oversending frå kommunen. Kommunen sitt forslag til planprogram omfattar både samfunns- og arealdelen.

Vi er positive til at samfunnssdelen blir løfta godt fram i forslaget til planprogram. Oppvekst- og læringsmiljø for barn og unge, omsorg, inkludering og kultur er viktige tema som kjem tydeleg fram. Fylkesmannen støttar grepet i planprogrammet om å strukturere planen rundt åtte hovudtema.

Som det blei konkludert på Regionalt planforum 30.01.18 er ikkje arealdelen tilstrekkeleg tatt vare på i planprogrammet. Det er difor nødvendig å lage eit eige planprogram for arealdelen, som då eventuelt blir innarbeidd i dette planprogrammet i ettertid. Dette planprogrammet som nå er på høyring har difor i hovudsak karakter av å vere eit planprogram for samfunnssdelen. Vi lyt difor vente med å gje nærmare vurdering og innspel til oppstarten av arealdelen, til dette ligg føre.

Eit innspel frå oss til dette planprogrammet er at hovudtema blir vel generelle, slik dei blir altomfattande. Hovudtema kunne med fordel bli meir spissa og konkrete. Er det spesielle utfordringar og behov innanfor det enkelte hovudtema?

Planstrategien som ligg til grunn for planprogrammet er også omfangsrikt bygd opp, utan å prioritere etter kor skoen trykker mest. Likevel, det er ein god samanheng mellom planstrategien og plangrammet, slik at dei utfyller kvarande på ein bra måte.

Særleg eit tenesteområde saknar Fylkesmannen i planprogrammet, og det er innanfor helse- og omsorgssektoren. Helse- og omsorgssektoren er ikkje omfatta av hovudtema sjølv om sektoren utgjer ein stor del av kommunen sitt tenestetilbod og driftsbudsjetten. I planstrategien er det løfta fram fleire helseoppsatsingar. Desse burde vidareførast og vektleggast i planprogrammet.

Folkehelse er lagt som eit grunnleggande prinsipp for planprogrammet. Fylkesmannen saknar likevel ei tydelegare målsetting for folkehelsearbeidet i planprogrammet. Til dømes er eit av

fokusområda i oversiktsdokumentet for folkehelse i Bømlo kommune å «motverke aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom». Dette bør inn i planprogrammet.

Positivt er kommunen si prioritering av arbeidet med oppvekst- og læringsmiljø, der det blir vektlagt meistring for alle unge. Fokusområde som integrering og mobbing er viktige tema som kommunen har løfta fram. God dialog med barn og unge direkte vil kunne bidra til å få til gode resultat på desse områda.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen